
Fra: Ragna Flatla Haugland
Sendt: 13.01.2014
Til: Staffan Hjohlman
Kopi: Edvardsen Siss-May;Rosnes Marte Kristin;Gladsø John Anton;Vegard Fagerli
Emne: Innspill til lokal høyring av tiltaksanalyse for vassområde Nordfjord.

Til:
Vassområde Nordfjord v/Staffan Hjohlmann

Kopi til:
NVE, Siss-May Edvardsen
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Marte Kristin Rosnes og Jon Anton Gladsø
SF Fylkeskommune, Merete Farstad

INNSPILL TIL TILTAKSANALYSE: VASSOMRÅDE NORDFJORD

Takk for forlenga frist.

Syner til lokal Høyring av tiltakstabell for Nordfjord vassområde.
<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=60403&amid=3642490>

Vi har nokre innspel til den førebelse utgåva av tiltakstabellen (frå 17.12.2013):

Fyrst eit generelt spørsmål, som vi vil poengtere ovanfor dei andre vassområda også: Vil informasjonen om gjennomførte tiltak (fiskeutsettingar, biotopiltak, undersøkingar m.m.) som vi gav i excel-arket frå mai 2013 og elles i møter med NVE, Fylkesmann og regulant bli lagt inn i denne lokale tiltaksanalysen? Viss det ikkje blir lagt inn her, vil det da bli registrert i Vann-nett under tiltaksfliken eller registrert/synleggjort på annan måte? Det er viktig for det vidare arbeidet at det blir synleggjort at det i regulerte vassdrag allereie vert gjort betydelege tiltak. Det er uheldig at dokumentet framstår som om det ikkje er gjort noko arbeid knytt til dei regulerte vassdraga fysisk eller m.o.t. tiltaksanalysa. I mange tilfelle vil dette vere ein dokumentasjon på at ein har nådd GØP. Vi håper de har ein plan for å få dette inn i analysa.

Generelt:

Tiltaksanalysen som no ligg føre har store manglar og er for SFE Produksjon lite informativ på grunn av at sektorstyresmakt (NVE) ikkje har kome med føreslegne tiltak enno. Vi bed om at det fortsatt vert høve til kommentarar og innspel når denne informasjonen er klar. Vi ynskjer også å understreke kor viktig det er at gode kost-/nytte-vurderingar vert gjort i arbeidet med å foreslå tiltak.

Kapittel NYE NATURINNGREP s 6:

Skal først nye naturinngrep nemnast, må oversikten vere utfyllande. Vi nemner nokre manglar:

Eid kommune: a) Utfylling av sjø Nordfjordeid.
b) Planar for utfylling/etablering av djupvasskai Løkjaneset
c) SFE Produksjon har søkt konsesjon om opprusting av Kviafossen kraftverk, Eidselva.

Gloppen kommune: a) SFE Produksjon har søkt konsesjon for bygging av Gjengedal kraftverk i Hyen og Bredvatn kraftverk i Ålfoten.
b) SFE Produksjon har søkt konsesjon for bygging av Ommedal kraftverk i Hyen.

Bremanger kommune: a) SFE Produksjon har søkt konsesjon for bygging av Bredvatn kraftverk i Ålfoten.
b) SFE Produksjon har søkt konsesjonsfritak for bygging av Insteelvane kraftverk i Øksenelvane.
c) Svelgen Kraft har fått konsesjon på bygging av 4 småkraftverk i Sør-Gulen.

Lista er ikkje utfyllande, men inneheld i hovudsak SFE Produksjon sine planlagde inngrep.

Kapittel OVERVAKING UTFØRT I PROSJEKTPERIODEN S 7:

Lista inneheld overvaking i regi av vassområdet. Viser til generell kommentar over. I samband med pålagde og frivillige tiltak er det gjort mykje overvaking i vassområde Nordfjord i regi av SFE Produksjon. Vi nemner spesielt at det er gjennomført prøvefiske i fleire magasiner så seint som hausten 2013.

Kapittel TILTAKSTABELL s 8 og vidare:

Elvar Eid kommune:

- Eidselva 089-17-R

Av påverknadar manglar «hydromorfologiske endringer, kraftverksdam». NB! Kraftverket har ikkje vore i drift sidan 1967.

Elvar Bremanger kommune:

- Daleelva 086-159-R. Det vert foreslått tiltak i samband med fornya konsesjon. Type tiltak er ikkje avklara. Det visast til rapport 6-2003 (fisk i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane), der står det også nemnt at elva har høg tettleik av aure samanlikna med andre vassdrag.

Vi har elles innspel på eit par andre detaljar som ikkje vedkjem SFE Produksjon sine anlegg, dette sender vi til prosjektleiar til info.

På vegne av SFE Produksjon AS

Mvh

Ragna Flatla Haugland
Fagleiar miljø, planavd.
SFE Produksjon AS

Direkte: 57 88 48 35
Mobil: 93 00 66 50
E-post: ragna.flatla.haugland@sfe.no

Sogn og Fjordane Energi AS
Bukta, 6823 Sandane Tlf.: 57 88 47 00 E-post: post@sfe.no www.sfe.no

Ta miljøomsyn - vurder om du verkeleg må skrive ut denne e-posten!